







<b>Skjermen viser:</b>	<b>I timen:</b>
	<p>Start med å sjå filmen <a href="#">Familie og følelser - YouTube</a> eller bruk lenka som ligg under filmen for å sjå den utan musikk.</p>
	<p>Det finnst veldig mange ulike familiar, er det noko som er likt for alle?</p>
	<p>Familien si viktigaste oppgåve er å ta vare på kvarandre, vere glade i kvarandre og passe på at barna er trygge. Er det slik for barna på bilda? Kva kan gjerast for at dei skal få det bra? (Få fram at det er viktig at barn fortel korleis dei har det og at familien kan få hjelp til å få det bra).</p>
<b>Familie før og no</b>	<p>Sjå gjerne Episode 2 kapittel 2 «Veteranhusmødrene», stopp når dei går vidare til å sy forkle: <a href="#">Alt var bedre før – 2. Da husmoren styrte hjemmet (Sesong 2) – NRK TV</a></p>
	<p>Før var det altså stor forskjell på mann og dame i ein familie. Familien var mora sin jobb, medan faren skaffa inntekt. Mora sine oppgåver i familien var blant anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innkjøp av mat</li> <li>• lage mat</li> <li>• vaske opp (for hand)</li> <li>• vaske klede (for hand)</li> <li>• kjøpe/sy/reparere klede</li> <li>• passe/hjelpe/oppdra barn</li> <li>• vaske hus</li> </ul>
 <p>Fordeling av oppgaver i familien no</p>	<p>Kva oppgåver finnst i ein familie i dag? Kven gjer desse? Kva er ei rettferdig fordeling av oppgåver? Kva kan barn hjelpe med heime?</p>
	<p>Sjå denne filmen som er på engelsk: <a href="#">Robot Songs: What is a family? - YouTube</a></p>
<b>Kva er dei viktigaste funksjonane ein familie har?</b>	<p>Kva er dei viktigaste funksjonane ein familie har? Gi elevane 4-8 lappar og be dei skrive ein ting på kvar lapp som dei tenker er viktig med å ha ein familie. Gi dei eventuelt litt starthjelp med å sei at det kan vere slikt som å få mat, nokon som passer på, nokon som</p>

	<p>kan køyre oss, nokon å dra på ferie med, tilgang til pengar, hus å bo i, søsken å leike med, eit kjæledyr å kose med, nokon som er glad i meg ...</p> <p>Når alle har skrive på sine lappar ber du dei velje ut dei to lappane dei synes er viktigast. Dei kan eventuelt få vise lappane sine til ein læringsvenn først og samanlikne. Samle inn dei to lappane elevane har valt ut. Les opp alle lappane og skriv på tavla. Når det kjem ein ny lapp med nesten likt eller likt innhald så set du tellestrekk. Til slutt ser de kva som peikar seg ut som det viktigaste i ein familie slik elevane ser det.</p>
	<p>Vi jobbar med familietre! Start gjerne med å sjå denne: <a href="#">Vocabulary about FAMILY for children - Family tree for kids - YouTube</a></p> <p>Denne filmen kan brukast både til å lære engelske ord for familiemedlemmar, men de kan også gjerne bruke den som utgangspunkt for å teikne familietre! Under her kjem nokre eksempel på familietre. Å teikne slik er lett for nokre, og supervrient for andre – fordi familiene er så ulike. Kanskje er dette ei oppgåve dei kan gjere heime?</p>
	<p>Eit enkelt oppsett på ein klassisk kjernefamilie med 3 barn, der alle lever og framleis er gift.</p>
	<p>Ein utvida variant den same klassiske kjernefamilien, men her med oldeforeldre som framleis er i live, samt onklar/tante og søskenbarn.</p>
	<p>Dette er også vanleg, men vanskelegare å teikne. Mamma og pappa er skilt, begge har ny partner, med felles barn og kvar sine barn frå tidlegare forhold. Kartet kan utvidast i massevis med fleire besteforeldre, tanter/onklar, søskenbarn, steforeldre sin andre foreldre og så vidare.</p>
	<p>Ein regnbogefamilie med to mødrer og kjent donor som også har barn med andre mødre. Barna kan vite om kvarandre og er halvsøsken, utan å ha møtt pappaen. (Her har det skjedd ei regelendring etterpå som gjer at ein ikkje lenger kan identifisere donorsøsken, men mange av barna som går på skole no kan det.)</p>
	<p>Del ut ark og la elevane få forsøke å teikne sine eigne familietre. Teikn det eventuelt som eit faktisk tre med stammer og greiner.</p>
	<p>Gjer ei lita frosketidøving <a href="#">Puste i dyrestillinger - YouTube</a></p>
<p>Jobbe vidare?</p>	<p>Familie før og no – Jobb med kompetanssmål i K&amp;H: «eleven skal kunne undersøke hvordan kjønnsroller vises i kulturelle uttrykk før og nå, og lage visuelle uttrykk som utfordrer stereotyper»</p>